



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA VED LESJA SKULE OG LESJASKOG SKULE (SFO)

1. Retningslinjer.

Skulefritidsordninga i Lesja kommune, heretter forkorta SFO, blir driven etter dei krav som gjeld etter lov og forskrifter om SFO, og retningslinjer vedtekne av Livsløpsstyret. Skulefritidsordninga blir driven etter lov §13-7 og forskrift §§23-1 til 23-6 i opplæringslova.

2. Definisjon og formål.

SFO er eit frivillig omsorgs-og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. klasse. Innhaldet skal byggje på barna sine behov for leik, kulturaktivitetar, læringsaktiviteter og sosial utvikling.. Tilbodet kan gjevast til 5.kl. ved ledig kapasitet.

3. Ansvarleg styringsorgan.

Livsløpstyret er ansvarleg styringsorgan.

4. Styring og leiing.

Rektor er administrativ og pedagogisk overordna leiar for SFO. I tillegg har SFO tilsett ein dagleg leiar / medarbeidar.

Samarbeidsutvalet ved skulane er lokalt styre for SFO. Dagleg leiar for SFO og ein representant for foreldra i SFO har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet i saker som gjeld SFO.

5. Bemanning.

SFO skal bemannast med ein vaksen pr. 10-12 barn.

For barn med særskilte behov kan det tilsetjast ekstra assistent etter behov og sakkyndig vurdering.

Tilsette i SFO må leggje fram tilfredstillande politiattest. Alle tilsette har teieplikt.

6. Opningstid - opphaldstid.

SFO fylgjer skuleåret. Opningstida er frå 07.45 til skulestart og frå skuleslutt til 16.15.

SFO kan også vere open i skuletida når elevgrupper har fridag. Livsløpstyret gjer vedtak om endringar i opningstider ut ifrå behovet slik det viser seg i tal på søknader. Når det er 3 eller færre søknader til eit tilbod, skal det leggjast fram for livsløpstyret til avgjerd om tilbodet skal oppretthaldast.

7. Inntak og oppseiing.

Hovudinntaket blir gjort i vår-halvåret og gjeld for neste skuleår. Inntaket skal kunngjerast i lokalpressa med søknadsfrist. Inntakskriteria gjeld berre for søknader som er innkomne innan fristen.

Inntaket blir gjort av dagleg leiar i SFO og rektor. Forvaltningslova sine reglar for klage på enkeltvedtak gjeld. Fristen er 3 veker frå det tidspunktet søkjaren har motteke vedtaket.

Rådmannen er klageinstans.



Når det er ledige plassar, kan inntak gjerast i løpet av skuleåret og gjeld da ut skuleåret.

Oppseiing av plass i SFO skal skje 1 mnd før og innan den 15. i kvar månad. Plassen kan brukast i oppseiingstida. Oppseiing skal vere skriftleg.

Dersom plassen blir sagt opp etter 1. mai må det betalast ut året. Endring av opphaldstid skjer etter søknad og i samsvar med reglane for inntak og oppseiing.

Permisjon med fritak for eigenbetaling, kan gjevast ved sjukdom som medfører samanhengande fråver på minimum 1 månad. Legeerklæring må leggjast fram.

8. Inntakskriterium.

Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, blir inntaket gjort etter følgjande kriterium:

1. 6-åringane har førsterett til plass.
2. Barn med særlege behov etter ei sakkyndig vurdering
3. Barn av einslege foreldre som har arbeid utanfor heimen, eller som tek utdanning, og som er aleine med tilsynet for barnet.
4. Barn der begge føresette er i arbeid eller under utdanning utanfor heimen.
5. Alder - yngre barn går framfor eldre barn.

9. Kjøp av plassar for stuttare tid.

Det kan kjøpast plass i SFO for stuttare tid dersom det er plass og tilhøve elles ligg til rette for det. Foreldra bør da vende seg til dagleg leiar i god til for å få greie på om det er plass. Prisen for slik plassar er i høve til opphaldstid med utgangspunkt i dei faste satsane.

10. Betaling for opphald.

Satsar for foreldrebetaling blir fastsett av kommunestyret.

Det blir betalt for 38 veker (9 1/2 mnd).

Ved for sein henting blir foreldra fakturert for ein halv arbeidstime.

Det blir gjeve syskenmodrasjon, 30% for barn nr. 2 og 50% for barn nr 3.

11. Helse og fråver.

For å delta i SFO må barna vere så friske at dei kan vera med på aktivitetar ute og inne.

Dei kan ikkje ha feber og må vere smittefrie.

12. Planer:

Det skal utarbeidast års-og dagsrytmeplanar ved den enkelte SFO.

Planane skal leggjast fram for Livsløpsstyret.

13. Tap av plass:

Barn kan miste plassen i SFO ved gjentekne eller grove brot på skulens ordensreglar. Det same gjeld ved manglande betaling. Uteblir betaling for 2 månader, kan kommunen seie opp plassen for resten av skuleåret.

Åtvaring om slike forhold skal meldast skriftleg før rektor avgjer saka. Vedtaket kan påklagast.

14. Foreldremøte:

Det skal haldast møte for foreldre med barn i SFO minst ein gong i året for å drøfte driftsmåte, innhald og omfang av drifta.



15. Leike- og opphaldsareal:

SFO nyttar skulelokala og uteområda på skulen til sine aktivitetar.

Vedteke av kommunestyret i møte 15.10.2009